

---

Saksnr: 2020/395-4  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.11.2020

Høyring – Rettshjelpsutvalet si utgreiing NOU 2020:5 Likhet for loven – Lov om støtte til rettshjelp (rettshjelpsloven)

## Høyringsuttale

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune er positiv til det grundige arbeidet som Rettshjelpsutvalget har utført, med bakgrunn i deira mandat til å foreta ei brei gjennomgang av ordninga for fri rettshjelp, med formål å utarbeide ei ny lov som ivaretek rettsikkerheita. Vestland fylkeskommune stiller seg bak Rettshjelpsutvalet si utredning «Likhet for loven, Lov om støtte til rettshjelp (rettshjelpsloven)» slik den kjem fram av NOU 2020:5.
2. Vestland fylkeskommune sluttar seg til forslaget til formålsparagraf.
3. Vestland fylkeskommune er samd i utvalet sitt forslag for å sikre auka grad av likheit, slik at fleire faller inn under ordninga. Fylkeskommunen er samd i å endre dei økonomiske vilkåra for ytinga, noko som medfører at fleire kan komme med i ordninga. Fleire svake grupper kan få rettshjelp som elles ikkje ville fått mogelegheit til å prøvd saka si rettsleg.
4. Vestland fylkeskommune støtter utvalet sitt forslag om å vidareføre dei prioriterte saksområda i forslag til ny rettshjelpslov, samstundes som det vert gitt kriterier i lova for å innvilge rettshjelp etter ei skjønsmessig vurdering.
5. Vestland fylkeskommune seier seg samd i rettshjelpsutvalet sitt syn i saker som gjeld opplæringslova.

## Samandrag

Rettshjelpsutvalet blei oppnemnd av regjeringa den 12. oktober 2018 med mandat til å foreta ei brei gjennomgang av ordninga med fri rettshjelp. Rettshjelpsutvalet leverte si utredning den 30. april 2020. Dei foreslår mellom anna ei ny lov om støtte til rettshjelp.

Det kongelege Justis- og beredskapsdepartementet (departementet) har sendt utvalet si utredning NOU 2020:5 Likhet for loven - Lov om støtte til rettshjelp (rettshjelpsloven) på høyring.

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på forslaga. Fylkeskommunane er høyringsinstans i saka.

Ifølge Reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland fylkeskommune, reglement for fylkesutvalet punkt 7, har fylkesutvalet heimel til å fremja høringsuttale på vegne av Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg:

Lovforslag: Likhet for loven, Lov om støtte til rettshjelp ( rettshjelpsloven )

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Gjeldande rettshjelpslov (lov om fri rettshjelp) er frå 1980 og trådte ikraft 01.01.1981.

Likheit for lova er ei sentral føresetnad for rettsstaten og for eit velfungerande demokrati. Likheit vert oppnådd ved at lovene gir same rettigheter for alle, og ved at alle vert gitt dei same mogelegheiter til å ivareta dei rettigheter som dei har blitt tildelt. I Noreg har den generelle utviklinga gått i retning av ein meir rettighetsbasert lovgivnad. Lovverket vert stadig meir omfattande og komplisert. Å kjøpa juridiske tenester er kostbart, og for dei som har dårleg økonomi vil det ofte ikkje vera noko alternativ å kjøpe juridiske tenester. Prinsippet om at alle skal ha mogelegheit til å få prøvd sine rettigheter for domstolane, uavhengig av økonomi, er og anerkjent i menneskerettane. Lov om fri rettshjelp vart som nemnt vedtatt i 1980. Rettshjelpsutvalet skriv at sjølv om lova har mange elementar som bør vidareførast, er det og behov for ein del større omleggingar og utvalet legg difor fram eit forslag til ny rettshjelpslov.

Utredninga er omfattande og mange ulike tema vert drøfta og analysert. Lovforslaget inneheld 18 paragrafer og er delt inn i 5 kapittel. Det er verd å merke seg at lova gjeld «Lov om støtte til rettshjelp». Utvalet foreslår at omgrepet «fri rettshjelp» vert erstatta med «støtte til rettshjelp», mellom anna for å markere at ordninga er eit supplement/tillegg til eigen betaling. NOU 2020:5 Likhet for loven, Lov om støtte til rettshjelp (rettshjelploven) er på 270 sider. Utvalet sitt lovutkast går fram av utredninga på sidene 13-15.

Lovforslaget har følgjande føremålsparagraf:

«§ 1 Lovens formål:

- 1) *Loven skal legge til rette for at alle får mulighet til å identifisere og ivareta sine rettslige interesser.*
- 2) *Loven skal sikre at personer som trenger det, men ikke selv har økonomiske forutsetninger for å betale, skal få nødvendig rettslig bistand i saker av stor velferdsmessig betydning.»*

Høyringsfristen er sett til den 23.10.2020. Vestland fylkeskommune har fått utsetjing av høyringsfristen til den 30.10.2020, til saka har vore behandla politisk i møte i fylkesutvalet.

### Forslag til ny lov om støtte til rettshjelp (rettshjelploven)

Rettshjelpsutvalet sitt forslag/oppsummering:

Utvalet skriv mellom anna:

*«Formålet med behovsprøvd rettshjelp er å sikre alle denne tilgangen. De som ikkje har økonomiske forutsetninger til å betale for bistanden selv, bør få dekket en så høy andel av kostnadene at de har mulighet til å kjøpe seg rettslig bistand dersom de virkelig ønsker det. Kostandene ved advokattjenester og annen kvalifisert rettshjelp kan oppleves som høye for store deler av befolkningen. Målet bør være at kostnadene ved rettshjelp oppleves som omtrent like store for dem som omfattes av ordningen, som for dem som akkurat ikke gjør det. Selv om målet er større likhet i tilgangen til rettslig bistand generelt, må det gjøres prioriteringer som sikrer at rettshjelpmidlene brukes der de har størst nytte. Det bør derfor bare gis støtte i saker av stor betydning. Videre bør det bare gis støtte til bistand som er **nødvendig**. Dersom behovet for rettslig bistand kan dekkes gjennom andre ordninger eller tilbud, er det ikke nødvendig med støtte.»*

Rettshjelpsutvalet meiner at fleire bør omfattast av ordninga. I 2017 var det berre 9 prosent av den vaksne befolkninga i Noreg som fylte dei økonomiske vilkåra for rettshjelp. Utvalet sitt viktigaste forslag til forbetring av dagens rettshjelpsordning handlar om å endre dei økonomiske vilkåra for ytinga. Dersom alle skal ha ein reell mogelegheit til å ivareta sine rettigheter, må ordninga omfatte langt fleire enn dei 9 som har dårlegast råd. Dagens økonomiske vilkår for rettshjelp har stått uendra sidan 2003. Utvalet sitt forslag til nye økonomiske vilkår inneber at rettshjelpsordninga vil omfatte 25 prosent av den vaksne befolkninga. I forslaget til ny lov er dei økonomiske vilkåra knytta opp mot grunnbeløpet i folketrygdlova. I tillegg til auka dekningsgrad, inneber forslaget

endringar som skal sikre at ordninga treff dei som treng det mest. Inntekt og formue skal vurderast samla.

Rettshjelpsutvalet forslår at ordninga bør bidra til at saker vert løyst på eit tidlegare stadium. Utvalet seier at ei tidleg løysing av rettslege konflikhtar gjer store gevinstar både for dei involverte partane og samfunnet elles. Utvalet foreslår difor å auke rammene for den rettshjelpa ein kan få utanfor domstolane og å stramme inn tidsbruka i domstolane. Omfanget av rettshjelp/timer skal fastsettast på førehand gjennom «eit tak», som viser tidsbruk i kvar sak.

Rettshjelpsutvalet foreslår eit skilje mellom prioriterte saksområdar og saksområdar som er vurdert, men som ikkje vert prioritert. Etter dagens rettshjelpsordning har personar som oppfyller dei økonomiske vilkåra, krav på rettshjelp i mellom anna foreldretvistar, skiftesaker, arbeidsrettsaker, husleisaker, personskadesaker og trygdesaker. Alle disse områda er vidareført i utvalet sitt forslag. ( Sjå §§ 7 og 8 i lovforslaget.) Saksområde som er vurdert, men som ikkje er prioritert gjeld mellom anna bistand til personar som har vært utsett for tvangsekteskap, voldsoffererstatning, saker om helserettigheit og saker etter opplæringslova. Etter utvalet sitt sin bør det vere større rom enn i dag for å få innvilga rettshjelp på saksområdar som ikkje er angitt i lova. I forslaget til ny lov er det gitt kriteriar som skal tillegkast vekt ved den skjønsmessige vurderinga av om rettshjelp bør innvilgast utanfor dei prioriterte saksområda. ( Sjå § 9 i lovforslaget ) Det skal legkast vekt på om saka har stor betydning for søkjaren eller prinsipiell interesse, om søkjaren har mogelegheit for å ivareta sine rettslege interesser utan rettsleg bistand, og om styrkjeforhaldet mellom partane er skjevt. Etter utvalet sitt syn er det viktig at rettshjelpsordninga bidrar til å styrke og utfylle andre lågterskeltilbod.

Saker etter opplæringslova er ikkje prioritert i dagens rettshjelpslov. Utvalet viser til på s. 168 i utredninga at opplæringslova gir ei rekke rettigheit og pliktar, mellom anna rett til spesialundervisning og plikt til å gripe inn mot mobbing. Utvalet foreslår ikkje å innføre rett til støtte i saker etter opplæringslova. Årsaka er at sakene si betydning kan variere mykje. Utvalet er og usikre på kor tidleg det kan vere fornuftig at advokatar vert involvert i denne type saker. Utvalet viser til at opplæringslova er under revisjon. Opplæringslovutvalet leverte si utredning, NOU 2019:23 *Ny opplæringslov* i 2019. Utvalet meiner det er naturleg at ein eventuell rett til rettshjelp vert vurdert og utforma i samband med oppfølginga av utredninga.

Lovforslaget § § 2 og 3 lyder:

#### «§ 2 *Rett til støtte*

- (1) Personer som oppfyller vilkårene i kapittel 2, har krav på nødvendig offentlig støtte til rettshjelp i saker som er nevnt i kapittel 3.
- (2) Støtte til rettshjelp regnes ikke som nødvendig dersom behovet for bistand kan dekkes gjennom andre ordninger eller tilbud.
- (3) Støtte til rettshjelp regnes ikke som nødvendig dersom det ut fra sakens betydning er urimelig at det offentlige betaler for bistanden.

#### § 3 *Advokatenes rolle og oppgaver*

- (1) Rettshjelp etter denne loven gis av advokater som driver advokatvirksomhet etter reglene i domstoloven § 231, eller som arbeider ved et offentlig advokatkontor. Departementet kan ved forskrift eller i enkelttilfeller tillate at rettshjelp gis av andre enn advokater. Personer som kvalifiserer for støtte til rettshjelp, velger selv advokat, innenfor de rammene som følger av lov eller forskrift.
- (2) Advokater har plikt til å orientere sine klienter om muligheten for å søke om støtte til rettshjelp dersom klienten kan tenkes å ha rett til slik bistand.
- (3) Dersom det gis støtte til rettshjelp i en sak, kan ikke advokaten kreve eller motta ytterligere vederlag fra klienten.»

**Fylkesrådmannen si vurdering**

Vestland fylkeskommune er positiv til det grundige arbeidet som Rettshjelpsutvalget har utført, med bakgrunn i deira mandat til å foreta ei brei gjennomgang av ordninga for fri rettshjelp, med formål å utarbeide ei ny lov som ivaretek rettsikkerheita. Vestland fylkeskommune stiller seg bak Rettshjelpsutvalet si utredning «Likhet for loven, Lov om støtte til rettshjelp (rettshjelpsloven) slik den kjem fram av NOU 2020:5.

Vestland fylkeskommune sluttar seg til forslaget til formålsparagraf.

Vestland fylkeskommune er samd i utvalet sitt forslag for å sikre auka grad av likheit, slik at fleire faller inn under ordninga. Fylkeskommunen er samd i endre dei økonomiske vilkåra for ytinga, noko som medfører at fleire kan komme med i ordninga. Inntekts- og formuesgrensa, vert auka, dette gjer at fleire svake grupper kan få rettshjelp som elles ikkje ville fått mogelegheit til å prøvd saka si rettsleg. Utvalet sitt forslag til nye økonomiske vilkår gjer at rettshjelpsordninga vil medføre at 25 prosent av den vaksne befolkninga vert omfatta av ordninga. I tillegg til auka dekningsgrad, gjer endringa av dei økonomiske vilkåra at rettshjelpsordninga kjem dei til gode, som treng den mest. Fylkeskommunen er og samd i at inntekt og formue skal vurderast samla.

Vestland fylkeskommune støtter utvalet sitt forslag om å vidareføre dei prioriterte saksområda i forslag til ny rettshjelpslov, samstundes som det vert gitt kriterier i lova for å innvilge rettshjelp etter ei skjønsmessig vurdering.

Vestland fylkeskommune seier seg samd i utvalet sitt syn i saker som gjeld opplæringslova. Opplæringslova inneheld ei rekke rettigheter og plikter. Sakenes betydning kan variere mykje. Det er usikkert om det er teneleg å involvere advokatar i denne type saker. Denne type saker kan nok løysast på eit «lågare nivå». Som det går fram av utredninga er opplæringslova og under utredning.

#### Vedtakskompetanse

Reglement for fylkesutvalet pkt. 7 «Høyringsuttale».

Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med unntak av dei sakene kor hovudutvala kan gi høyringsuttale.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

#### Konklusjon

Fylkesutvalet fremmer høyringsuttale i saka på vegne av Vestland fylkeskommune.